



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Stardalen i Sunnfjord kommune
Dato:	21.10.2025
Tidspunkt:	14:00

Velkomen til det sjuande møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2025.

Tysdag 21.oktober kl.10:00 har nasjonalparkstyret kalla inn til dialogmøte med fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval på Stardalen sommarkafé.

Møtestart for nasjonalparkstyret vert etter at dialogmøtet er ferdig, ca kl 14:00. Me satsar på å vere ferdig seinast kl 16.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen

Venleg helsing
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 28/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 29/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 30/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 7/2025		2025/16018
ST 31/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 7/2025		2024/17214
ST 32/25	Eventuelt		

ST 28/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 29/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/16018-1

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 15.10.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/25	21.10.2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 7/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

Det har ikkje vore handsama delegerte saker sidan sist møte.

Verneforskrifta tilrådd revidert

Miljødirektoratet sendt brev til KLD med tilråding om revidering av 14 eldre verneforskrifter. Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark er ei av forskriftene som er tilrådd revidert. Tilrådinga ligg no hjå KLD, som skal vurdere om det skal gjevast oppdrag om forskriftsrevisjon og i så fall for kva verneområde.

Fagleg rådgjevande utval – evaluering

Forvaltarane ynskjer å drøfte med styret om det bør gjerast endringar i samansetjinga av fagleg rådgjevande utval (FRU) for Jostedalsbreen nasjonalpark. Er samansetjinga av FRU dekkande slik at vi får mange og gode innspel i dei årlege møta? Bør FRU utvidast med fleire organisasjonar? Bør Høgskulen i Vestland verte invitert til liks med Universitetet i Bergen? Bør Sogn Friluftsråd og Fjordkysten friluftsråd verte invitert med i FRU, eller er friluftslivsinteressene godt nok representert ved at DNT Sogn og Fjordane vert invitert? Er grunneigarsida godt nok representert ved at Vestland bondelag og Sogn og Fjordane småbrukarlag vert kalla inn, eller bør det til dømes oppnemnast ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune? Ynskjer nasjonalparkstyret at forvaltarane skal legge fram for styret sak



gjeldande evaluering av Fagleg Rådgjevande utval, og eventuelt kome med framlegg til ny samansetjing av FRU?

Organisering av verneområdeforvaltarane

Trygve er med i referansegruppe oppnemnt av miljødirektoratet. Gruppa skal arbeide med å evaluere dagens organisering av verneområdeforvaltarane og kome forslag til framtidig organisering av verneforvaltarane.

Brev til Bødal sameige

Brev med svar til Bødal sameige gjeldande endring av vernegrense er sendt.

Økonomi - drift

Nasjonalparkstyret har fått tildelt kr 480 000 i driftsmidlar for 2025. Kr 150 000 av desse midlane er såkalla *grunnstøtte drift*, som kan nyttast ganske fritt til ulike tiltak.

Dei resterande kr 330 000 er først og fremst kostnader til styremøte, men og litt til planarbeid, drift av nettside og medlemskap i Europarc. Av desse midlane er kr 146 308,- brukt pr 15.oktober. Styremedlemane vert oppmoda om å sende inn sine krav på møte- og reisegodtgjering snarast, slik at sekretariatet får betre oversikt over driftsmidlane.

Det var søknaden om driftsmidlar ført opp kr 40 000,- til kartlegging av fuglefaunaen ved Lonene i Befringsdalen. Feltarbeidet kan fyrst gjerast i juni 2026, men sekretariatet tilrår å bestille og forskottere ei slik kartlegging med driftsmidlar for 2025.

Dersom det vert driftsmidlar att ved årsslutt vil dei verte overført til eit anna verneområde i Vestland og truleg nytta til forskottering av planarbeid, t.d. skjøtselsplan for eit eller anna område. Jostedalsbreen nasjonalpark har tidlegare fått overført restmidlar frå andre verneområde til forskottering av skjøtselsplanar.



Arkivsaksnr: 2024/17214-9

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 15.10.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	31/25	21.10.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 7/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande, og kjem med eventuelle føringar for det vidare arbeidet.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre søkte i 2025 om kr 700 005,- i tiltaksmidler fordelt på 21 ulike tiltak. Det vart søkt om til saman kr 700 000,- til dei 16 høgast prioriterte tiltaka. Dei 5 siste tiltaka kvar var ført opp med ein symbolsk sum på kr 1,- for å synleggjere tiltak som kunne verte aktuelle, men der det var vanskeleg å føre opp ein søknadssum for 2025.

Miljødirektoratet tildelte i februar kr 700 000,- i tiltaksmidler for 2025. Det vart seinare søkt om og tildelt kr 200 000,- i ekstra tiltaksmidler i samband opprydding etter flaumskredet som i mars øydela delar av stien i Kjenndalen.

I tillegg vart vi tildelt kr 150 000,- i *grunnstøtte drift*. Midlane til grunnstøtte drift kan, som namnet tilseier, også nyttast til å dekke ymse driftskostnader.

Status

Det er per 14.oktober betalt ut kr 205 303,- til ulike tiltak, av dette utgjør kostnader knytt til restaurering av stien i Kjenndalen kr 115 091,-. Det er inngått skjøtselsavtalar for til saman kr 310 000,- for 2025, men det er enno ikkje gjort utbetalingar for skjøtselsarbeid i 2025. I oppstillinga nedanfor er



1. Slått i Sunndalen - kr 15 000
Avtale er inngått med Sunndalen sankelag.
2. Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra – kr 50 000
Avtale er inngått med Sunndalen sankelag.
3. Stiltak i Sunndalen – kr 25 000
Avtale er inngått med Sunndalen sankelag.
4. Slått i Erdalen – kr 15 000
Avtale inngått med Erdalen beitelag.
5. Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen – kr 30 000
Avtale inngått med Erdalen beitelag.
6. Rydding av kulturlandskap Vetledalssætra i Erdalen – kr 30 000
Avtale inngått med Erdalen beitelag. Indre Nordfjord Turlag har utført ryddearbeid på stølsvollen i Vesledalen. Ventar på rapport.
7. Vedlikehald av Risgjerdet ved Reset i Erdalen – kr 30 000
Avtale inngått med Erdalen beitelag.
Årleg vedlikehald gjennomført som betalt dugnad. Ventar på rapport før utbetaling.
8. Stiltak i Erdalen – kr 15 000
Avtale inngått med Erdalen beitelag.
9. Rydding av kulturlandskap i Bødalen – kr 40 000
Avtale inngått med Bødal sameige.
10. Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen – kr 30 000
Avtalar inngått med Sameige Heggstad utmarkslag og Jimmy Hilleren.
11. Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen – kr 30 000
Avtale inngått med Bjørn Befring.
12. Innfallsport Stardalen – kr 50 000
Sekretariatet er i dialog med fleire aktørar for å få på plass skilttavler og plakatar på 5 stader i Stardalen. 16.oktober skal det vere arbeidsmøte for å planlegge utplassering av skilttavler og endeleg utforming av innhald på tavler. Arbeidet vil vonleg vere ferdig i løpet av året. Midlane avsett til tiltaket vil truleg gå med til transport og arbeid med oppsetjing av tavler.



13. Utforming av innhald til infotavler – kr 50 000

Planlegg å bruke denne summen til kjøp av tenester for hjelp med å forme innhald på tavler i haust.

14. Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar – kr 250 000

Skilt vart våren 2025 sett opp ved Bøyabreen. Sekretariatet vil arbeide for å få på plass flest mogeleg skilttavler og plakatar utover hausten. Det er særleg utplassering av skilttavler i kommunane Sunnfjord og Stryn som vil prioriterast. Å få løyve til oppsetjing av skilt på nye plasser ser ut til å vere meir omstendeleg enn sekretariatet hadde sett føre seg. Det er difor usikkert kor mange skilttavler vi rekk og setje opp før vinteren.

På denne posten vil det truleg verte tiltaksmidlar til overs.

15. Rydding av sti til Bergsetbreen – kr 20 000

Vert utført i haust. I samarbeid med ATS Luster.

16. Uthenting av brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja – kr 20 000

Arbeidet er ikkje prioritert i 2025. Bør utsetjast til 2026.

Denne posten vil ikkje verte nytta.

17. Kanalisering og utbetring av sti Haugabreen – kr 1

Synfaring ved SNO i sommar viste at det ikkje var trong for utbetringar i rasområdet i år. Ved synfaring med kommunen og grunneigarar 26.juni vart det sett på utbetringsbehov. Det er særleg i starten av stien, mellom parkeringsplassen og Haugafjellstøylen, at stien er dårleg og treng utbetring. Innanfor støylen er der og eit par punkt som treng utbetring. Det vil verte nytta noko midlar på denne posten i 2025.

18. Innfallsport Supphellebreen – kr 1

Ventar endeleg rapport frå Miljøfagleg Utredning (MFU) tidleg i november. MFU var i sommar på synfaring for å vurdere biologiske konsekvensar ved alternative løysingar for innfallsport ved Supphellebreen. Etter synfaringa er dei førebelse signala at ei bru over elva kan vere ei god løysing med tanke på ivaretaking av biologisk mangfald. Når endeleg rapport føreligg kan neste steg planleggjast i samarbeid med lokale aktørar.

Det kan vere aktuelt å bruke litt restmidlar i haust til vidare planlegging av innfallsporten ved Supphellebreen.

19. Restaurering av sti Lundeskaret – kr 1

SNO var på synfaring 18.august. Ikkje trong for tiltak på stien førebels, men dette kan raskt endre seg om meir rasar ut.

20. Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen – kr 1

Utkikkspunktet ved Bøyabreen offisielt opna 21.mai 2025. Skredmassar etter det enorme skredet i Bøyadalen i mars 2025 har seinare ført til at vatn har teke nye vegar. Grusen rundt skiltfundamenta og deler av turstien vart med det delvis vaska vekk. Kostnad med graving for å styre vatnet i gamal bekkefar og påfylling av grus er utført.

Dette er venta å koste om lag 10 000,-.



21. Ferdselsteljing langs utvalde stiar – kr 1

Dette vert utført av SNO og medfører ingen kostnader.

22. Utbetring av sti etter flaumskred i Kjenndalen – kr 200 000

Utbetringa av stien, med oppbygging av to nye bruer som erstatning for bruer som vart øydelagt i flaumskredet i mars 2025, har til no kosta kr 115 091,-. Det vil kome til nokre kostnader før alt er på plass. Men det vil truleg vere att ein rest på minst kr 50 000,-.

I tillegg til desse 22 tiltakspostane er det nytta kr 34 536,- til kjøp av tenester, innkjøp av massar og utstyr til gjennomføring av praktisk stikurs på Sandane. Det vil truleg kome enno eit par fakturaer, men samla kostnad til kurset vil truleg verte omlag kr 50 000,-. Stikurset vart gjennomført i regi av Miljødirektoratet. Difor er det naturleg at restsummen på ekstraløyvinga til Kjenndalen vert nytta til å dekkja våre ekstrakostnader ved gjennomføringa av praktisk stikurs.

Estimert forbruk

Det førebels ut til at det kan verte ein rest på om lag kr 100 000,- som unytta tiltaksmidlar i 2025. I tillegg står alle dei kr 150 000,- me fekk tildelt som *grunnstøtte drift* unytta. Det betyr at vi samla vil ha att om lag kr 250 000,- som eventuelt kan omprioriterast og gjerast avtalar om på slutten av året. Om ikkje vil midlane bli omprioritert innan for postføremålet hjå Statsforvaltaren, det vil seie at andre verneområde i Vestland kan nytte dei til prioriterte tiltak. Unytta tiltaksmidlar vil elles gå attende til Miljødirektoratet ved årsslutt. Ved større omprioriteringar og bruk av tiltaksmidlar til nye tiltak må dette avklarast miljødirektoratet.

Sekretariatet vil tilrå at kr 100 000,- av tiltaksmidlane vert omprioritert og nytta til medfinansiering av ny bru ved Fonn i Stardalen. I tillegg tilrår vi at restmidlar nyttast til nødvendig planarbeid knytt til innfallsportar. Det er ofte trong for idéskisser og mindre planar for å kome vidare med oppgradering/etablering av innfallsportar. Statsforvaltaren har inngått rammeavtale for slikt planarbeid, så det vil truleg vere mogeleg å gjere avtale med leverandør og starte arbeidet i haust. Aktuelle stader der det vil vere nyttig med utarbeiding av enkle planskisser for startpunkt og infopunkt kan vere fleire stader i Oldedalen (Kvame, Åbrekk, Melkevoll, Briksdalen, Kroka), Hjelle, Supphellebreen, Utvikfjellet, Kjenndalsstova, Vårstølen på Veitastrond, Skålastien m.v.

ST 32/25 Eventuelt